

# Samarbeidsavtale om kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder

## 1. Bakgrunn

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder er eit viktig kommunalt verkemiddel for at friluftsliv skal vere ein prioritert og tydeleg faktor i samfunns- og arealplanlegging. Tiltaket er forankra i *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014-2020)*, *Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder (2014-2020)*, *Regional folkehelseplan (2014-2025)* og *Regional kulturplan (2015-2025)*.

Hordaland fylkeskommune har mål om å kartlegge og verdsette lokale friluftslivsområder i alle kommunar i Hordaland i perioden 2014 - 2017. Arbeidet skal utførast i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*.

## 2. Avtalepartnarar

Avtalen gjeld mellom Hordaland fylkeskommune og Friluftsrådet Vest.

## 3. Samarbeidet

Føremålet med samarbeidet er å:

- Kartlegge og verdsette friluftslivsområda i kommunane, med særleg fokus på nærfriluftsliv.
- Styrke arbeidet med å identifisere, utvikle og ivareta friluftslivsområder i kommunane.
- Styrkje kunnskapen om friluftsområda i regionen og bidra til auka kompetanse i å forvalte friluftslivsområda i Hordaland fylke, gjennom eit interkommunalt samarbeid.

## 4. Hordaland fylkeskommune sitt ansvar:

- Følgje opp kartleggingsarbeidet ovafor Miljødirektoratet.
- Bidra med økonomiske ressursar til administrasjon, opplæring og rettleiing, innkjøp av felles digitale karttenester og verktøy.
- Tilrettelegge for regionalt fagnettverk innan kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

## 5. Friluftsrådet Vest sitt ansvar:

- Motivere sine medlemskommunar til å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftsområder.
- Å bistå medlemskommunar som ønskjer lokal prosjektleiar til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

- Ha hovudansvaret for at arbeidsgruppa i kvar kommune er riktig representert og at arbeidet er i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*, òg i høve til nærmiljøområda.
- Delta på regionalt fagnettverk inntil to gonger per år.
- Friluftsrådet Vest sender rapport til Hordaland fylkeskommune innan 1. mars 2015 om status og framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet i høve til:
  1. Informasjonsmøter, kommunalt vedtak om oppstart, etablerte arbeidsgrupper.
  2. Gjennomføring: oppstartsmøter, grovkartlegging inkl. områdetypar, verdsetting og justert områdeavgrensing, digitalisering.
  3. Slutføring: kvalitetssikring, ferdigstilling, opplasting i Naturbase, kommunalt sluttvedtak om bruk og ajourhold.
  4. Økonomi: oversikt over utgifter og finansiering.
  5. Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune når prosjektet er ferdigstilt.

## 6. Økonomi

75 % av beløpet vert utbetalt ved oppstart, resterande 25 % vert utbetalt ved ferdigstilling. Ved oppmodning om sluttbetaling skal alle kommunale data vere lasta inn i Naturbase.no og det skal følgje ein sluttrapport med rekneskap.

## 7. Avtalens varighet:

Avtalen trer i kraft frå dags dato og gjeld til 1. desember 2017.

Avtalen er underteikna i to eksemplar kor avtalepartane held på kvar sitt.

.....  
Dato/stad

.....  
Dato/stad

.....  
Friluftsrådet Vest  
Administrativ leiar

.....  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesidrettssjef